



HELLEBAKKEN 45
5039 BERGEN
TELEFON: 55 39 29 50
FAKS: 55 39 29 59
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Alver kommune
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

Vår ref.: 09-1/22-LET

Dykkar ref.: 22/1694

Dato: 20.09.2022

HØYRINGSINNSPEL – PLANPROGRAM FOR AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN I ALVER KOMMUNE

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgåve å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområde i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 12 deltakarkommunar: Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Kvam, Osterøy, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar over 255 friluftsområde med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå deltakarkommunane.

BOF forvaltar 34 friluftsområde i Alver kommune (fordelt med 16 i Lindås, 11 i Meland og 7 på Radøy).

BOF ber kommunen å vurdere eigna lokalitetar for å regulere areal til følgjande føremål:

- a) Utsetjingsrampe for småbåtar
- b) Utsetjingsareal for padling (kano/kajakk)
- c) Tilhøyrande og strategisk plasserte parkeringsplassar for allmenn friluftsliv (turgåing, padling, etc.)
- d) Bubil-fasitetar (bubilar nyttar parkeringsplass til friluftsområda i dag, og desse har gjerne ikkje tilstrekkelege fasilitetar for denne type bruk)

BOF ber om følgjande endringar i reguleringsføremål (legg merke til at det i ein del område, er eigne reguleringar på sjøarealet ved/knytt til friluftsområdet. Ved ønskje om endringar på dette, er det spesifikt nemnd under). Arbeidet tek utgangspunkt i kommunen sitt eige planregister i Nordhordlandskart, og dei arealføremål som er registrert der.

I alle friområde forvalta av BOF, bør det være anledning til å bygge standard bygg for friluftsliv. Korleis kan ein i planverket best få inn det i dei ulike føresegnene knytt til BOF sine områder?

Typiske bygg/installasjonar i våre friluftsområde er (listeform):

- Utetoalett
- Grindabygg/gapahuker/padlehuker
- Sjøsportanlegg/padleanlegg knytt til friluftsliv (bading, padling; uorganisert aktivitet)
- Kaier/bryggjer i vatn/sjø, badebryggjer, mot ulike brukergrupper (padling, båtliv; uorganisert aktivitet)
- Universelt utforma turveggar/tilkomstveggar inn i friluftsområda (UU-anlegg)
- Promenader/gråsteinmuring i strandsona, for å betre tilkomst (UU-anlegg)
- Bord/benkar, bål- og grillplassar, grillar
- Tufteparkar/hinderløyper, og andre tilsvarande installasjonar

- Turveggar/turstiar
- Naustbygg
- Kajakk- og kanopakke/-stativ
- Småbåtrampe
- Parkeringsplass
- Telt plassar
- Stupebrett/badebryggje/badestigar/
- Opphaldsareal/grasflater for ålmenta, som kan innehalde ulike aktivitetselement inkludert grunnarbeid.

Områdenr. / -namn	Gnr./bnr.	Reguleringskode / -namn	Andre omsyn / bandleggingar	Forslag til endring
450 Håøy	1/10	5100 LNFR	530 Hensyn friluftsliv	Friområde
451 Io	349/55,57,58-62,63,65,72,74,76,78,108	3001 Grønstruktur	Bandleggingssone H740_1	Friområde
455 Elvavika (Haltjohansvika)	323/204	Friområde		BOF søkte om parkeringsplass i sørenden, leggje inn dette arealet som parkeringsplass-føremål (sjå byggjesak/flyfoto)
456 Rylandsneset (Lunden)	343/9	3001 Grønstruktur	Bandleggingssone H740_2	Friområde
457 Holme	310/97+98	3040 Friområde + 5100 LNFR	570 Bevaring kulturmiljø (310/98)	310/97 + minimal del av 310/98 → Friområde
458 Leirvik gard	304/64	3050 Park	810 Krav om felles planlegging	Friområde, fjerne 810 Krav om felles. Planlegging. Det er ein del av arealet som er utbeta til parkeringsplass, det bør verta endra til parkeringsplass-reguleringsføremål. Det er for øvrig mange kulturminne i området.
460 Hestdal	330/12	1160 Offentleg eller privat tenesteyting	190 Andre sikringssoner 910 Reguleringsplan skal fortsatt gjelde	Deler av denne eigedommen er off. friluftsområde, eit flytebryggjeanlegg. Finst det ein tilhøyrande felles, parkeringsplass òg? Dette arealet bør evt. skiljast ut og/eller regulerast som «Friområde», samt


				parkeringsplass-reguleringsføremaal. BOF ber kommunen sjå på og vurdere dette arealet
402 Fisketangen	172/96	3040 Friområde + 5100 LNFR + ein anna mørkare grønfarge ved naustmiljøet inne i området, som òg strekk seg over grensa til friområdet	Holmen utenfor: 560 Bevaring naturmiljø, 6001 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	Regulere hele eiendommen som «Friområde»
404 Litlevågen, Fyllingsnes	214/2	5100 LNFR, 1110 Bustader		Dette arealet vert i 2022/23 bygd ut av kommunen til parkeringsplass, pumpestasjon/toalett for ålmenta og resterande areal friområde → bør verta regulert deretter
405 Kvernhusviki, Eknes	238/46	6700 Friluftsområde	530 Hensyn friluftsliv	Friområde. Heile arealet er blått på kartet. Reknar med det har noko med friluftsliv sjø å gjere, men bør verta grøn
406 Kvamsvågen	141/3 (arealet utanfor friluftsområdet som kommunen nyttar som parkeringsplass)	5100 LNFR	570 Bevaring kulturmiljø 510 Hensyn landbruk 310 Ras- og skredfare	Parkeringsplassen nytta som parkeringsplass for friluftsområdet bør verta regulert som parkeringsplass
412 Nautevågen	Deler av 106/9 og 26	5100 LNFR		Friområde (det er for tida ein løpande årleg leigeavtale på arealet)
413 Geitøyna (Geitholmen)	137/99	5100 LNFR og 6700 Friluftsområde	570 Bevaring kulturmiljø	Friområde
414 Kvalvågnes	84/1-2	51000 LNFR	530 Hensyn friluftsliv	Friområde på land. Samt regulere eit friluftsliv i sjø på sjøareala rundt friluftsområdet og i straumane. No er ikkje akvakultur med i denne rulleringa, men det ligg bl.a. inne eit akvakultur-areal i Hanøystraumen, som burde vore teke ut

415 Furvågen	245/39	6700 Friluftsområde	530 Hensyn friluftsliv 710 Båndlegging for regulering etter plan- og bygningsloven	Frrområde. Heile arealet er blått på kartet. Reknar med det har noko med friluftsliv sjø å gjere, men bør verta grøn
552 Toska	Del av friområdet 443/66 (parkeringsplassen)	2010 Veg		Parkeringsplass
555 Solheimsvika	477/78 friområde ok. Tilkomstveg og parkeringsplass 477/5 og 8	3040 Friområde		Kunne sjølve tilkomstvegen (477/8) og parkeringsplassen vorte regulert som hhv. Friområde (tilkomst) og Parkeringsplass?

Med venleg helsing
Bergen og Omland Friluftsråd




Dag Seter
Administrativ leiar


Lars Torgilstveit
Driftsplanleggjar